

NYHETER

Tips oss: 95 400 400 nyheter@smp.no
Sentralbord: 70 12 00 00

LEDER

Må ta meir ansvar for fagutdanninga

UTDANNING

Vi utdannar oss meir enn nokon gong før. Samstundes vil vi snart oppleve dramatisk mangel på fagutdanna i mange yrke. Slik kan vi ikkje ha det, men problemet er neppe ei smittsam «mastersykje».

Påtroppande Ap-leiar, Jonas Gahr Støre, åtvare i eit innlegg på konferansen NæringsDriv i Ålesund fredag sterkt mot fallet i talet på fagarbeidarar. Han meiner det ville ha blitt slått nasjonal alarm om vi hadde sett tilsvarende innan medisinerutdanningane.

Slik sluttar han seg til uroa fleire har gitt uttrykk for det siste året, inkludert NHO. Både Støre og NHO meiner at vi ser ei «mastersykje», altså eit utdannings-samfunn der for mange tar akademiske utdanning og med høgre grad enn både dei og arbeidslivet treng.

Sjølvsagt er det grunn til uro dersom det er slik at folk kastar bort eiga tid på å studere lenge om dei hadde klart seg godt med mindre. Dette er eit økonomisk tap for både den enkelte og samfunnet. Dersom det også er slik at vi utdannar folk som mistrivst i arbeidslivet fordi dei ikkje får utnytta kompetansen sin, er det all grunn til å rope eit varsku.

Strengt tatt er det likevel ikkje i denne enden av utdanningsstigen faren er størst. Når vi slamrar døra i andletet til unge som vil ha ei fagutdanning, kan vi ikkje vente anna enn at dei søker seg til høgre utdanning.

Fleire innanfor høgare utdanning fører i neste omgang til at presset på dei lange utdanningane veks – delvis som eit resultat av konkurranse og marknadskreftene sitt sug etter dei best kvalifiserte til ei kvar tid.

Skal vi ta tak i denne utviklinga er det ikkje gagn i å freiste å skremme unge, utdanningssøkjande bort frå masterstudia. Ein må heller sørge for å opne dørene til fagutdanningane, og gjere det både lettare og meir attraktivt å ta slik utdanning.

Her har NHO og arbeidslivet elles eit minst like stort ansvar som styresmaktene. Mange av dei som faktisk satsar, opplever nemleg å bli møtt med stengt dør når dei søker læreplass – særleg innan byggfaga.

I stor grad er det import av billeg arbeidskraft frå andre land i Europa saman med større bruk av mellom-bels tilsette som gjer at det er vanskeleg å få læreplass. Dette bidreg til at stadig færre søker seg til byggfaga.

Byggfaga er ikkje åleine. Kvart år er det rundt 6.000 som opplever at dei ikkje får fullført utdanninga si slik dei hadde tenkt fordi dei ikkje får kome i lære. Talet på sveineprøver går dramatisk nedover.

Sjølvsagt kan styresmaktene gjere sitt. Ein kan styrke tilskotet til lærebedrifter og arbeidet med å hindre frå-fallet i vidaregåande utdanning må styrkast. Men eit stort ansvar for utviklinga ligg i bedriftene og hos partane i arbeidslivet.

Skal vi utvikle og halde ved like viktig kompetanse i arbeidslivet og utdanningssystemet, må bedriftene slutte å tenkje kortsiktig og berre jakte på den billegaste arbeidskrafta. På lang sikt underminerer det både den enkelte bedrift og nasjonen sin konkurransekraft.

– Det er ikkje gagn i å freiste å skremme unge bort frå masterstudia

PFU Sunnmørsposten arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk. Dersom noen føler seg rammet av urettmessig omtale i avisa, oppfordres de til å ta kontakt med redaksjonen. Det er også anledning til å reise klage for brudd på god presseskikk til Pressens Faglige Utvalg (PFU). Adresse: PFU, Rådhusgt. 17. pb 46 Sentrum, 0101 Oslo.

Klyngje ikkje gul

• Uvanleg god verdiskaping i klynger vert spreidd



MANGE BEDRIFTER: Ulsteinvik som har ei variert klyngje av bedrifter som leverer utstyr av mange slag til oljeindustrien. I det sjelden ekstra stor fortjeneste til eigarane.

VERDISKAPING

Bedrifter i ei klyngje skaper spesielt store verdiar, og denne ekstrasfortenesta går til dei tilsette, det offentlege og kundane.

Dette har Håvard Remøy frå Remøy, Fredrik Hoseth frå Ålesund og professor Øyvind Bøhren funne ut etter å ha undersøkt 3 700 offshorebedrifter gjennom ni år.

– Sjølv om det skjer spesielt stor verdiskaping i næringsklyngene, så endar ikkje denne meirverdien på kontoen til eigarane, skriv dei.

Undersøkinga gjennom ni år av bedrifter som leverer til offshore, viser at medlemskap i ei klyngje ikkje gjev ekstra avkastning av investert kapital.

Den same opne haldninga som har skapt høg innovasjon, kan ha pressa ned marginane og fjerna den bedriftsøkonomiske fordelene med å vere med i ei klyngje.

FORTENESTE

• Klynge-effekten gjer at bedrifter i same bransjen på ein stad kan få fram avanserte produkt som skaper store verdiar

• Men i ei masteroppgåve ved BI har studentar funne at mange andre enn eigarane sit att med ekstrasfortenesta

• Håvard Remøy, Fredrik Hoseth og professor Øyvind Bøhren har brukt data frå 3700 bedrifter gjennom ni år

Familiebedrifter går best.

Bedrifter som ein familie kontrollerer er meir lønsame enn bedrifter med spreidd eigarskap, men familiebedrifter i ei klyngje er ikkje meir lønsame enn bedrifter som ligg åleine.

Ideen bak ei klyngje er at samarbeid og konkurranse mellom bedriftene skaper rask

innovasjon og høgare vekst enn elles. Bedriftene får god tilgang til dyktige tilsette, kunnskapsnettverk og like rammevilkår. Men den økonomiske gevinsten av dette vert spreidd.

Innovasjonar som er skapte i klyngen kan heilt eller delvis verte kopiert av bedrifter utanfor.

Fleire utanlandske undersøkingar seier det same. I 194 amerikanske farmasi- og halvleiarbedrifter gjennom 21 år var det ingen synleg samanheng mellom klyngemedlemskap og fortjeneste.

Konkurransen bit. – Sjølv om klyngjer fremjer nyskaping og vekst, vert meiravkastninga for eigarane konkurrert bort av dei same kreftene som skapte veksten.

Dei tre forskarane har studert offshorebedrifter som sysselset rundt 90 000 personar. Klyngebedriftene er fremst i verda i bygging av skip, seismikk, plattformteknologi og dei har spesialisert arbeidskraft.

Dei skriv at det ikkje er meiravkastning av kapitalen hjå

Sunnmørsposten
Grunnlagt 1882 smp.no

ANSVARLIG REDAKTØR: Hanna Relling Berg
ADMINISTRERENDE DIREKTØR: Lidvar Flydal

ÅLESUND

Måtte gå inn med gitaren

Politiet måtte dempe to heimefestar natt til søndag i Ålesund. Naboar klaga på ein fest i indre bydel, og då politiet kom til staden, vart festen avslutta. Ein time seinare kom melding om høg musikk og bråk frå ein annan stad. Naboane fekk ikkje sove, og politiet fekk lovnad om at gitaren skulle takast med innandørs.

ÅLESUND

Blotting

Ein person er meld til politiet for blotting. Hendinga skal ha skjedd i nærheita av ein av utestadene i Ålesund i halv tre-tida natt til søndag.

Il for eigarane

Il på mange som høg løn, skatt og pressa prisar



Bedrifter i slike klyngjer driv fram nyvinningar og skaper store verdiar, og mange lever godt av dette. Men likevel vert

bedrifter i klyngjer samanlikna med bedrifter i same næring utanfor klyngen, Men dei har funne at bedrifter som eigarane styrer er meir lønsame enn andre tilsvarende.

– Medlemskap i ei klyngje kan verte positivt på innovasjon og vekst, men auka konkurranse et opp heile meiravkastninga. Familiekontroll aukar avkastninga.

Den opne haldninga og samarbeidet mellom bedriftene i ei klyngje, skaper også sterkare konkurranse. Auka konkurranse et i sin tur opp den meiravkastninga som vart skapt av ekstra høg innovasjonstakt, og denne gevinsten vert overført til andre enn eigarane slik som dei tilsette, kundane og leverandørane.

Kjenner meg att. – Eg kjenner meg att i konklusjonen om at bedrifter i klyngjene skaper meirverdi, og at bedriftene er innovative og nyskapande. Klyngjene er effektive, seier professor Arild Hervik.

Men om dette med overskot, seier han at konkurransen fungerer veldig effektivt. Marknaden fungerer.

– Men det medfører at eigarane ikkje har så stor profitt, og det medfører at eigenkapitalen ikkje er så stor alle stader, seier han.

Håvard Remøy seier at bedrifter i klyngjer som skaper så store verdiar til glede for mange, kanskje burde fått tilskot.

På spørsmål til Arild Hervik om fjerning av formueskatten er ei veg å gå, svarer han:

– Alt hjelper litt.

Professor Arild Hervik seier at bedriftene kan ha nokre svært gode år, men på det jamne er driftoverskotet mellom tre og seks prosent.

FRODE KLEIVELAND
fk@smp.no

– Familiebedrifter både i og utanfor klyngje er mest lønsame

Håvard Remøy



UNDERSØKING: Håvard Remøy som har skrivne masteroppgåve om klyngjer i næringslivet.



UTSTILLING: Lørdag åpnet Opsvik-utstillingen som går over syv saler i TRAFØ kunsthall i Asker.. Hele to etasjer er fylt opp med kunst av industridesigner og musiker Peter Opsvik (75) fra Stranda.

Opsvik åpnet separatutstilling

ASKER

Hele to etasjer i TRAFØ kunsthall i Asker er fylt opp med kunst av industridesigner og musiker Peter Opsvik (75) fra Stranda - som nå også har intatt kunst-verdenen med egen utstilling.

Hvordan har du det, akkurat nå?

– Jeg har det flott, veldig flott! Sier en stolt, fornøyd og noe spent Opsvik før menneskene strømmer inn i de vakre, lyse lokalene i kunsthallen i Asker.

«Skap» er navnet på selve utstillingen som vil stå åpen for alle frem til 22. juni. Ordspillet «skap» er både konkret gjenstandsbeskrivelse, og en oppfordring til å la seg inspirere. Åpne og lukke dører er nøkkelbegreper i utstillingen. Opsvik stiller ut et stort antall skap av ulike varianter, som er et resultat av en lek med former, farger, linjer og materialer.

– Felles for alle skapene er at det er lite oppbevaring. Utstillingen avspeiler en form for minimalisme, at vi har for mange ting og at oppbevaringsenhetene kanskje kunne blitt minimansert for å gjøre at vi anskaffer færre ting, forklarer Opsvik.

Over tre hundre mennesker var innom åpningsdagen, og fikk med seg utstillingen.

Vennligst rør. Klare instruksjoner som «vennligst rør» gikk igjen i hele lokalet. – Jeg tror vi alle er ganske nysgjerrige

på hva som skjuler seg bak en dør. Opsvik ønsker ikke sette ord på hva han legger vekt på i selve utstillingen, da han mener det er opp til hver enkelt person å tolke utstillingen med åpent sinn.

Sturla Sturlason Large og Francine Aubert Lampe var to av dem som var veldig begeistret og imponert over Opsvik.

– Gøy å se at Opsvik har hatt det morsomt konstanterte Large. Dessuten er det overraskende bruk av farger og former.

– Rett og slett en utmerket og nydelig utstilling slår Lampe fast.

– **Lekker.** Ann-Christin Roppen og Gyrid Christoffersen synes også utstillingen til Opsvik var kjempe lekker, og kunne mer enn gjerne tenkt seg å hatt kunsten hjemme i stua.

På spørsmål om hvorfor kunstgalleriet satser så stor på Opsvik, får Sunnmørsposten til svar at det er en ære å få til en så flott utstilling med en av Norges mest kjente formgivere som jo nylig har fylt 75 år. Opsvik har forøvrig tilbragt over tyve av dem i Asker. En strålende fornøyd Knut Blomstrøm, TRAFØ kunsthalls daglige leder sammenlignet Opsvik med sin navnevenn Peter Pan og sa avslutningsvis at han gjerne ville vise Peters mer lekne og ukjente sider, noe som har kommet godt frem i denne kunst-utstillingen.

VICTORIA SYNNES RØNNE
kultur@smp.no